


# ORKDAL MENIGHETSBLAD

Nr. 6 JUNI 1981 31. årgang


# *DIALOG*

**Da sa Han til læresveinane sine: Hausten er stor, men arbeidarane få. Be difor haustens Herre at Han vil driva arbeidarane ut til hausten sin. Matt. 9, 37 - 38**

— Ja,Herre! Her er eg! Ropa du på meg?

**— Høyr, dotter! Enno er det dag, men snart kjem natt og løyner stad og veg. Mange er dei som ingen ting veit. Gå og fortel dei om meg!**

— Eg,Herre? Ja — men — eg har da alltid arbeidd for di sak? Eg gjev ganske store gåver, går i kyrkja, les i Bibelen kvar dag!

**— Ja, dotter. Det er godt det du har gjort. Men det finns mange hjelpelause, små. Difor har du funne nåde. Difor bed eg deg å gå!**

— Men Gud, eg er så ung og veik, har vore sjukeleg i all mi tid, tåler ikkje klimaendring, trøytnar fort i kamp og strid!

**— Eg skapte deg, eg kjenner deg!**
**Eg er din Gud. E g kallar deg!**

— Herre! Eg kan ikkje tala! Eg får ikkje orda fram. Står eg framfor folkehopar, vert eg både sveitt og klam. — — Finn ein annan, Herre, som kan tala ordet ditt, ein med rike talegåver, og ei røyst som høyrest vidt!

**— Barn! Det er e g som sender deg. Skamma og æra er mi. Løna i himlen einast er di!**

— — — Ja, — — men eg har ei sjuk og einsleg mor. Gammal er ho, har ikkje lenge att på jord. Ho har sytt og strevd for meg i all si tid. Skulle ho ikkje venta takk og hjelp frå dotter si?

**— La dei døde gravlegga sine døde! Kom du og følgj meg. Eg vil visa rette vegen, steg for steg!**

— Ja, Herre, — var eg rusta til det, veit du at eg gjerne ville. Men det er her eg høyrer til. Lat meg tena deg her, i det stille!

**— Når skal du læra, barn? Det er e g som har rusta deg ut! Kjenner du meg ikkje? Eg er Herren, din Gud!**

— Men — eg er så glad i ein gut!
D e t kom aldri til å gå om eg drog ut!
Han er fødd til bonde, driv ein gard som støtt har gått i arv til son frå far. Han er så glad i meg — skulle tru ikkje andre jenter fanns!
— Eg må stå ved sida hans!

**— Barn! Alt du forlet for mi skuld får du mange gonger att. Skund deg no, og gå! Snart er det natt!**

— Vent ei lita stund, da, berre!
Lat meg tenkja på det, Herre!

— — Herre? — — HERRE!?! — —

**Gjertrud Gåsvatn Rye**

## SLEKTERS GANG



**Døpte**

ORKDAL:
17.04. Irene Bye
19.04. Rune Johannes Aune
Alexander Stenhaug
Thea Metliaas Smolan
10.05. Johan Arnt Bjørkås
Per Steinar Skjølberg Nielsen
Camilla Janke
28.05. Mats Mikael Wold
Harald Kvåle
31.05. Knut Håvard Slupphaug
Tore Kringstad Blokkum
Øystein Ljøkelsøy
07.06. Morten Jønland

ORKANGER:
01.04. Gustav Amdal Espenes
12.04. Linda Kristin Haugen
Guri Melby
26.04. Terje Rønning
Håkon Rye
Øystein Rye
28.05. Torbjørn Vågø
Roar Salberg
Mona Jonli
Ragnhild Bakken
31.05. John Ole Krokstad Setervang
Jannicke Solstad

MOE:
19.04. Anders Ljøkjel
03.05. Kenneth Hongslo Landstad
24.05. Jannicke Svegaard
07.06. Eivind Stølhaug
Torgeir Belsvik

GEITASTRAND:
01.03. Per Georg Elshaug (d. i Strindheim)
12.04. Guro Aasen
03.05. Eskild Dahl



**Vigde**

ORKDAL:
10.04. Jan Erik Johansen og Liv Sommervold
30.04. Otto Helge Rønning og Anne Marie Bjørgum
Svein Arne Rønning og Britt Sørli (v. skr. ktr.)
23.05. Alf Terje Rønning og Audhild Garberg
06.06. Olav Magne Nedresæter og Kirsti Magerøy
13.06. Eivind Olav Nøsen og Janne Grønvold

ORKANGER:
10.04. Hilde Lundquist og Erling Oddvar Johansen (Oslo byf.)
15.04. Morten Moe og Kari Elisabeth Storm
18.05. John Landsen Løseth og Ragnhild Hynne
30.05. Øyvind Jensen og Gunne Svee

MOE:
10.04. Ingvald Grø og Alfhild Stoltz (sorenskr. ktr.)
06.06. John Olav Selbekk og May Elisabeth Lernæs



**Døde**

ORKDAL:
03.04. Alfred Lomundal f. 1920
06.04. Erling Kvåle f. 1915
15.04. Berit Lium f. 1901 (grl. Moe)
07.05. Johanna Haug f. 1893
26.05. Ane Øyasæter f. 1899
06.06. Ole Arvid Svorkmo f. 1916

ORKANGER:
15.04. Lilly Sofie Johnsen f. 1920
21.04. Ingeborg Sognli f. 1922
11.05. Johan M. Gjønnes f. 1912
15.05. Arne Harrang f. 1913
20.05. Marit Næve f. 1891
0106. Martin Ludvig Røhme f. 1903

MOE:
23.05. Kjellfrid Larsson f. 1926

GEITASTRAND:
06.04. Arne Alfred Sletvold f. 1898
05.06. Kristian Sletvold f. 1896

**SØVASSKJØLEN FJELLKIRKE**

postgiro 3675436 GJØLME.
EI KIRKESAK FOR ALLE I ORKDAL.

# *Tankar ved forsommartid*

Det sprudlar av liv omkring oss. Det eine grøne spiret etter det andre skyt opp av dei små ubetydelege, nesten usynlege frø. Men det vesle og ubetydelege vert til store og sterke plantar, ja til veldige tre. Er du grepen av vårløysinga?

Inga årstid riv slik i meg som våren og forsommaren. Eg kjenner formeleg korleis vårkreftene arbeider i kroppen min. Eg må vere i nærkontakt med dei grønne spira. Eg må kjenne angen av blomane. Eg må sjå innn i blomanes underlege verden. Sjå Guds forunderlege skaparverk, undre meg over kreftene som bur i dei små frø. Ja, er det ikkje forunderleg at jord, varme og gjødsel kan utløyse slike krefter?

Det er eit fint samantreff at vi i den mektigaste vårtid feirar pinse. For pinsa er da budskapet om frøet som vert sådd inni kvart menneske. Det frø som vi kan vanskjøtte. Det frø vi kan forakte. Vi kan kaste det fra oss. Det synes så forakteleg lite. Det synes så veikt. — Men du for krefter som bur i det himmelske frø som vert sådd i kvart menneske som opnar seg for Jesus og hans Ande. Jesus stig inn til kvart menneske som seier ja til han. Han tek bustad i vårt indre menneske med dei himmelske krefter. Pinsas store vårunder er dette: Han som har fått all makt i himmelen og på jorda, vil ta bustad i kvart menneske, og fylle det med gåver som høyrer himmelen til.

Er det vårløysing i våre liv? Får såkornet vokse i oss. Får det

Forts. s. 4.



**MENIGHETSBLAD**
**for Orkdal prestegjeld**
7330 Svorkmo
Utgitt av sokneråda i Orkdal
Redaksjonsnemnd:
**Gunerius Kjøren Jorhild Ljøkjel**
**Agnes Singstad**
Redaktør:
**Kaare Rogstad**
Kasserar:
**Einar Garberg, 7320 Fannrem.**
Postgironummer 3 26 87 29.
Takk for gåver og kontingent.
Ekspedisjon:
**Sigmund Gjelsvik, 7300 Orkanger.**
Svorkmo Prenteverk A/S, Svorkmo
7330 Svorkmo.

# Tanker om alderdom

Det er leit å oppdage at mange gamle kjem inn i alderdomen ubudde på dei opplevingar dei då får. Det er ein sosialarbeidar som arbeider mellem og for gamle, som seier dette.

Går vi så langt attende i tida at det ikkje var generasjonsmotsetning, så vil vil finne at dei unge fekk mykje av si opplæring i heimen. Der overførte dei gamle si livsrøynsle og sin kunnskap til dei unge. Dette førte m.a. til at dei unge fekk eit realistisk syn på alderdom og livets avslutning. Eit godt prov i så måte er at i mi barndomstid var det vanleg å ha ei likkiste ståande, eller i det minste ha likkistebord på lager.

Kunnskap er lett å bere, vert det sagt, og ha kunnskap om alderdomen gjer det lettare å oppleve den. Når ein fram i alderdomen, så kjem ein innatt i barndomen. Da vil ein reagere og ha det på same vis som da ein var barn, og ein vil og som da ein var barn ha ønske og krav som ikkje kan stettast. Vi som lever må i livet avvenjast to gonger. Første gong er vi vel ferdige med, det var då vi blei avvende frå morsbrystet. Gong nr. to er når vi skal avvenjast frå å syge næring frå jorda sitt bryst. Båe avvenjingane har det med seg at det blir klage og tårer. Ein som hadde kunnskap om alderdom, sa det slik: Du må vete at alderdomen kjem ikkje åleine. Da ein var yngre, hadde ein styring både på seg sjølv og andre. Men i alderdomen vert ein styrt av andre, og det vert ofte kravt av dei gamle at dei skal vere som snille lydige born. Når ein kjem inn i alderdomen, lyt ein bu seg på å kjenne seg einsam. For dei unge er opptekne med sitt, og dei gamle har det då godt på rommet sitt i heim, eller på gamleheim. Men da bør dei yngre vere merksame på at let dei dei gamle ha det vondt i einsemda, så kan den dagen kome at ein sjøl blir gamal, og lengtar etter kontakt. Ei lov er skrevi og fastsett, nemleg: Med det mål du mæler i åt dei andre skal mælast i til deg. Ofte sit gamle med den kjensle at dei er ubrukande, utbrukte og kasta på skarphaugen. Kai Munk sende ein gong helsing til dei gamle. «Du gamle, ver merksam på det er noko som du kan gjere meir og betre enn dei unge. Det er å be. Dei unge er så opptekne med dei mange gjeremål, at det blir lite tid til bøn. Men du gamle har både tid og mange og mangt å be for. Og du skal vite at Gud har bruk for di bøn og vil bruke den». Sitat slutt.

Professor O. Hallesby bad i mange år for siste bolken av sitt liv. Og med det førebudde han godt sin alderdom, og avferd frå dette livet.

Visst er det sant som Elias Blix seier i ein salme. Å tenk på Gud i ungdomsår før deg dei vonde dagar når som du må ille lika. Det kjem ein kveld så kald og skum. Men alderdomen kan bli som ein sommarkveld når sola sig i synsranda. Men skal ein oppleve alderdomen såleis, så lyt ein vere samd med songaren som seier: «Hvor deilig når alt svinner hen og ha Jesus og Himlen igjen.»

**Ludvik Aasen**

**Tur til Søvasskjølen Fjellkirke**

Det er stadig grupper frå dalen vår og andre stader som spør om å få komme å sjå Fjellkyrkja vår. Og det er stor begeistring for den vakre fjellkyrkja.

Mange eldre har lyst til å kome å sjå den no sommars tid, men så kjem dei diverre til stengd veg. Er det eldre eller uføre som skal på fjellkyrkja må dei kontakte folk i styret slik at det kan ordnast med å få lest opp bommen så dei kan få køyre heilt fram. Det er ca. 1 km å gå frå hovedvegen ved garasjane og opp til kyrkja.

## Orkdal menighet

**Vatning på kyrkjegarden**

Vi kan no gleda graveigarar med å fortelja at alle gravstader i sommar vil bli regelmesig vatna. Det er avkastning av E. D. Fagerlis legat og Olav A. Sæters minnefond som gjer dette mogleg. Men soknerådet vil uttrykkeleg gjera merksam på at det altså berre gjeld vatning og ikkje anna stell — ugrasluking t.d. Det må graveigarane sjølv syte for.

**Automatisk ringing**

I løpet av året vil det verta innstallert automatisk ringeanlegg i Orkdal kyrkje. Det betyr mellom anna at vi igjen får høre begge klokkene ringa ilag.

**5. 7. kl. 17**

5.7. kl. 17 held unges misjonslag fest på Gjølme.

**2.8. kl. 19**

har Midtbygda misjonssambandsforening fest i Misjonshuset, Fannrem.

*Orkanger Ur og Optikk*
Verner Svensson
7300 ORKANGER
Telefon (074) 80 195

**SKOTØY**
for hele familien.
**Ingv. Solbu eftf.**
Orkedalsveien 71
7300 Orkanger

# Tankar ved forsommar - - -

Forts. fra s. 1.

næring. Får det plass til å vokse og vise kva som bur i det? Mange, ja tusenvis av menneske går omkring med eit såkorn som ligg i sandørken fordi det ikkje får voksterkår. — Kvart einaste døypt menneske har såkornet Jesus. Det er gjeve som ei gåve som ein knapt fattar konsekvensene av. Men Jesus har ikkje fått vise sin storhet og herlegdom for dei mange. Han forblir ubetydeleg, den ringe.

Ordet om Jesus vert søndag etter søndag sådd i menneskesinn etter menneskesinn. Vi har nettopp avslutta eit fint konfirmantår der Gudsordet har vorte sådd i ein intens 8 mnds. periode. Rundt i barnelag, barneforeningar, speidararbeid og ungdomsarbeid blir Gudsordet om Jesus sådd. Det som skulle gje næring for Kristuslivet i oss. Korleis går det? Fånyttes? Er det vits i å rope ut budskapet? — Dei fleste vender da det døve øyre til, trur vi. Ja, eg vil utheve, trur vi.

Ei lita hending frå tida i militæret. Felleskapet med soldatane i 20 årsalderen var ei av dei mest interessante og gjevande tider i mitt liv. Frøet fekk vokse hos mange av dei tøffe gutane. Jesus begynte å vokse seg stor for dei. Og ein kveld ringjer det på døra. — Det er ein av soldatane som kom til nattverd for første gong ved siste gudstenesta. Kva ville han prate om? — Han er så vidt komen inn gjennom døra, før han dreg opp Nytestamentet frå lomma. Du, seier han: Sjå kva eg lærte da eg gjekk for presten for 5 år sidan. Han viser meg ein skriftstad. Han viser meg ein til, ja mange. Det som var sådd om Jesus begynte å vokse. Ja, det sprudla over av liv. Det vart i sanning ein underleg kveld. — Og det gav ein prestemann frimod til å så budskapet om Jesus.

Det kjem ei vårløysing i mange menneskeliv. Orda om Jesus får ein dag rom. Da er det viktig at vi har fått høyre om han. Og ikkje minst at vi ikkje stenger for vårløysinga. — Det kan bli for seint. Hausten kjem uventa på dei fleste, hausten i menneskelivet. Det er vårtid og forsommartid. Ordet om Jesus møter oss i rikt monn. Tørkar såkornet inn på steingrunn i våre hjarte, eller får såkornet Jesus vokse seg stor for oss og inni oss. Får Jesus og hans frelse skape undring og jubel, fordi vi har del i den? Får Jesus vokse seg til Herre i vårt liv og lede oss inn i dei gjerningar han har lagt ferdige for at vi skulle ferdast i dei? — Der ligg ein forunderleg løyndom inn i livets store rikdom og undring.

**Bertel Aasen**

## Orkland menighet

### Eldres kirkesøndag

2. aug. kjem den andre eldres kirkesøndag dette året. Og denne gongen dreg vi til Søvasskjølen Fjellkirke. Det vert sett opp buss frå Solbu kl. 09.30. Den køyrer om Svorkmo og vidare til Hoston og direkte fram til fjellkirka. Ingen treng ottast for at dei må gå opp til fjellkirka, for bussen parkerer like ved inngangen. Det vil bli ein billettpris på 20 kr. tur — retur. På fjellkirka vil det så bli spandert kaffe og kaker som på eit vanleg eldretreff. Bertel Aasen vil halde gudsteneste. Og sjølvsagt vil vi gje høve til å kunne gje ei gåve til denne fine kyrkja vår på fjellet. Ingen påmelding, møt berre opp ved bussen og bli med!

### Villmarkstur med guttespeidarane

Torsdag 25. juni legg ca. 14 guttespeidarar og 5 ledarar ut på ein villmarkstur med padling i nasjonalparken i Femundstraktene. Heilt til søndag kveld vil vi dra omkring i nasjonalparken. Det blir overnatting i telt. Ledarar blir Ole Kristian Fagerli, Sigmund Fagerli, Torgeir Fagerli, Birger Dragset og Bertel Aasen.

### Søvasskjølen Fjellkirke

Orkland sokneråd har saman med dei andre sokneråda i dalen gått saman om å betale ned lånet på Fjellkirka som vart teke opp i Opplysningsvesenets fond. På Orkland Menighet fell det da å prøva å samle inn 9000 i året gjennom ofringar og ved utlodningar. Det er vedeteke å ha 2 ofringar i året til Fjellkirka og dessutan vil det til hausten bli laga til ei større tilstelling med utlodning for å samle inn desse pengane.

### Gjevartenesta

Det gledde oss at du svarte på brevet vårt om å bli med i ei gjevarteneste til menighetssekretær i Orkland Menighet. — Men vi saknar namnet til mange enda. Skal vi nå dit vi vil, treng vi å bli langt fleire. Sjølvsagt er det langt fram til at vi kan makte å lønne ein menighetssekretær. Kommunen vonar vi kan koma inn i bildet også når den tid kjem. Men inntil vidare har vi ei god erstatning ved dei ettåringar vi vert tildelt etter søknad. Men ein ettåring kostar også bortimot 15000 kr. i året. Vårt første mål er å kunne makte å dekke dette ved gjevartenesta. — Kontakt Bertel Aasen om du vil vera med. Du kan sjølv avgjere kor mykje du vil gje, og kor ofte du vil gje beløpet.

### Misjonsfest

26.7. kl. 19 held «Vårliv» fest på misjonshuset på Svorkmo.

S ORKLA SAMVIRKELAG
Domus, dagligvareavd.

Byggevarer, Rør og Sanitær
El.installasjon, Norol-senter,
Systemhusavd., Seviceavdelinger

SØLVVARER
til
BARNEDÅP BRYLLUP
KONFIRMASJON
Gullsmed
John Røhme
7300 Orkanger



# 15. P. Asphjell fortel frå krigstida

I den veslebyen Altendorf hadde me fleire oppdrag. På haustparten var eg med i eit arbeidslag som dreiv med grunnarbeid der. Det skulle byggas ei rad nye brakker. Det var mange brakker der frå før som hyste familiar frå Øst-Europa, polakkar og ukrainarar, mest koner og born. Fedrene var sendt til andre stader i Tyskland på arbeid. Familiane bodde fleire samen i eitt rom. Maten fekk dei truleg frå eit slag felleskjøken. Ein dag hadde dei fått utdelt supe koka på kålrot. Supa hadde surna litt, og ungane var vel ikkje meir svoltne, enn at dei vraka ho. Nokre karar frå laget vårt hadde vorte vinka bort til eit ope glas og fått fyllt matskålene sine. Me meldte oss alle i tur og orden og fekk ein slump av maten. Arbeidsdagen var nett slutt, og me måtte skunda oss beinast på toget som skulle føre oss til leiren. Togreisa tok ikkje lang tid, og me åt fort. Supa hadde ein lei usmak, så det gjekk ikkje fort nok på slutten. Vaktene sa frå at me fekk ikkje ta noko med til leiren. Dette førte til at dei av oss som hadde fyllt skålene, måtte tøma siste slumpen ut i jarnbaneskråningen. Eg må vedgå det var tungsamt å fara slik åt med mat, for supa var godt etande, og det var ingen som vart klein av ho.

Me treivs godt på denne arbeidsplassen. Det var fredeleg og roleg. Millom husklyngane var det åpne marker, og det var ingen krigs-skader å sjå. Det gjorde og sitt til trivnaden at det støtt sprang barn og leika seg i nærleiken. Det var nemleg ikkje noko vanleg syn millom ruinhaugar. Eg vart godt kjent med ein gut på tielleve år. Han heitte Anton, og eg trur han var frå Polen. Som ungar flest hadde han alt lært litt tysk, og me prata saman på skrøpeleg vis. Han fortalte at han bodde saman med mora og eit par mindre søsken i ei av brakkane. Det var og ei gamal bestemor i lag med dei.

Eg minnes ein klår haustdag, det gjekk flyalarm. Vaktene stansa arbeidet, og me vart bedne om å trekke oss bortover mot brakkebyggа. Enno var det berre «Voralarm», dei kalla, så me sto under åpen himmel og venta på å få tilvist eit tilfluktsrom. Når det var eit åtak i emning, gjekk det alltid først «Voralarm». Enda var det ikkje overhengande fare på ferde, og me heldt oss ved arbeidsplassen. Dersom flya kom rette vegen, gjekk det «Vollalarm». Da remja det og ulte det frå taka rundt ikring, og det galdt å koma seg i dekning snarast råd. Foralarmen skremte oss aldrig, for nokså ofte vart det berre med ulinga. Denne dagen sto me, som sagt, på fri mark og glana. Me hadde godt utsyn i retning Essen, og no hørte me at det var fullalarm på dei kantar. Snart kunne me sjå flya i lufta over byen. Sjølv på avstand var det eit nifst syn å sjå dei store maskinene. Det var det dei kalla flygande festningar. I store svingar sveiv dei over staden i den klåre haustlufta og kvitta seg med den farlege lasta. Snart nådde og drønn frå eksplosjonane fram, og levenet frå luftvernet hørtes tydeleg.

Så gjekk fullalarmen hos oss, og me vart jaga ned i ein kjellar. Der var fleire rom, og i det rommet eg hamna, råka eg på Anton. Guten var berre kvikk og grei. Det syntes vél at han var vant med krigs-ståket. Han var ikkje det minste redd, men kom og prata med oss. Eg fekk og sjå bestemor hans, ei gamal svartkledd kone. Eg såg ho saman med to - tri andre kvinner og nokre born ved inste veggen. Dei låg alle på kne og bad halvhøgt til Gud. Kjellaren var eit skrøpeleg tilfluktsrom, dersom det fall bomber i nærleiken. Men når eg såg denne bedande flokken, kjente eg meg så merkeleg trygg. Eg mintes orda i Salme 91 «Om tusen fell attmed sida di og ti tusen ved di høgre hand, til deg skal det ikkje nå». Flyalarm og åtak innan hørevidde var ei vanleg hending. Når somme har festa seg i minnet, er det oftast fordi det er knytt ei serleg oppleving til hendinga.

Ein annan gong me rømde undan ein alarm, fekk eg på underfullt vis tak i ei andaktsbok. Ho vart til stor velsigning for alle oss på brakka som hadde trong etter Ordet. Dette hendte i Essen. Me sprang for livet gjenom eit nedbomba boligstrok, der det hadde vore småhus med ein liten hage til. I ein av desse villhagane var det einkvan som hadde drive med litt opprydding. Det var drege saman små haugar av rask som skulle brennas. Det rauk og frå somme plassar. På toppen av ein slik raskhaug låg det levningen av ei bok. Dei fleste av oss var grisk etter alt som kunne kallast lesestoff. Eg snappa boko i farten og stakk ho inn under trøya. Denne gongen hamna me i ein mørk tunell som var grave inn i ein jordmel. Eg sto i mørkret og kjente på boka inne i bringa. Ho var heller tjukk, og eg undra stort på kva slag innhald det var i ho. Eg må seie eg vart både glad og fortenkt da eg kom ut i lyset og fekk sjå at det var ei andaktsbok. Rett nok var ho utan permar, og ho var ein del frynset i kantane, det var, så å seia ikkje eit blad som vanta. Boka var etter det vanlege mønster for eit slikt skrift. Det var ei lita preike for kvar dag i året. Øverst eit bibelord, så utgreiinga og tilslutt eit vers eller to frå den tyske salmeboka. Tittelbladet var der, og eg fann namnet til forfattaren — Johan Friedrich Stark. Boka var evangelisk og fullt luthersk både i ånd og tone. Dette var ikkje nokon sjølvsagt ting i dette strøket, for det var mange katolikkar i Ruhrområdet. I fleire av dei små byane der kunne ein sjå to kyrkjer ikkje så langt frå kvarandre. Den eine hadde ein hane på spiret. Det var den evangeliske, den andre hadde eit kors.

### BRAKKELIV

Eg har tidlegare nemnt at det baud meg i mot å handle brød av svoltne kameratar i byte med tobakk. Ein dag hadde eg vore heldig og kome over nokså mange stompar. I ein avfallskasse på ein stasjon fann eg både sigar- og sigarettstompar. Da me kom i leiren om kvelden, fekk eg det så sterkt for meg at eg skulle gje dei bort. Dei andre trudde visst at eg hadde vorte rar. Men det var eit bibelord som hadde vorte så levande for meg: «Gje så skal du få». Om eg

Forts. s. 10

Bestill time for fotografering.

Fotograf J. Sødahl
Tlf. 80259

Orkanger

# Gåver til bladet

7300 ORKANGER:

Johanna Røhmesmo 20. C. Ivesen 30. Sunniva Arnkværn 20. Ragnvald Lund sen. 50. Liv Opøien 50. Dagny Korsli 100. Marie Kuraas Rønning 20. O. Gisvoldløkk 25. Hanna Jamtgård 25. Aslaug Solberg 25. Arnfinn Husby 50. Ole Skar 50. L. og K. Fossum 50. Olga Dalen 50. Martin Kjønli 50. B. og M. M. ..? 50. E og L. Lyngstad 50. Katrine Langvik 50. Haldis Gjønnes 20. Ida Tungen 20. Ivar Andresen 20. Geir Sæther 20. Aud Lysevoll 20. Signe Lid 20. Sofus Mikalsen 20. Karen Nesset 20. Knut Snildal 30. Ingolf Bye 30. Signe Kvikne 30. Knut Rognes 30. I. P. Gunnes 30. Inger Kvam 50. G. og J. Aae 50. Olaf Wåtland 30. A. og K. By 50. Olga Espen 25. Ivar Ustad 30. Sigrid Vangen 30. Anders Forvemo 30. Elfrid Sandgrind 30. Olaug Sandgrind 30. Reidun Fandrem 30. Anna Svee 30. Ellen A. Kvernmo 50. Bjørg Sande 50. Jorunn og P. Ham..? 50. Jenny Berg 20. Landmark 20. Arild Smolan 20. Marius og Verner 20. Mette Elshaug 20. Otto Sæter 25. Åsgerd Krokdal 100. M. Vangen 15. N. N. 10. Ivar Solbu 20. Paul Evjen 25. Gerd Aure 25. Torbjørg S. Kristiansen 25. Benum 25. Berit Lykken 25. G. Holdvart 25. J. Karlsen 30. E. og M. H. 30. Storleer 30. Dordi Skjenald 30. R. Metli 30. Ole Solem 30. Anna Bye 30. Beret Røkke 20. Hanna Tofte 20. Randi Fossum 20. Th. Blåsmo 20. Arnt A. Moe 20. E. Lillebakken 20. Elise Øyen 50. K. D. 50. Gunnar Rise 50. Jenny Årlivoll 50. A. og E. Oddli 30. T. Jensen 30. Esther Larsen 30. E. og H. Husby 25. Groven 20. Solveig Schjerve 20. B. Jensen 20. Anne Schei 20. Anne E. Mælen 20. Irene Skar 50. R. Falch 50. N. N. 50. Ellen Bakk 50. M. G.? O. P. B 50. Anna Bye 50. S. Sandgrind 25. K. Rikstad 20. Roald Drabløs 25. Johanne Waagbø? 30. Olga Strandly 25. Karen Kjønli 20. O. S. Røhmesmo 30. Jorunn Eggen 40. H. og J. Asphjell 40. Margrete Fossland 30. Berit Blomli 20. Leif Løseth 25. A. S. 25. Jensen 20. G. og I. Gangås 100. S. Sæther 10. Toril Räsch 10. Ruth og Lars Løseth 30. Tove Røe 30. Reidar Wehn 30. E. Mosbakk 30. Martha Solhusløkk 50. Kari Gravråk 50. J. Wilmann 30. J. J. Røhmesmo 30. Birgit Henden 20. G. Sporilnes 50. K. H. 50. Solveig Solem 30. Nils Rønning 50. S. Teigseth 30. Gyda Mosvik 30. Konrad Sætre 20. Eli Fosseide 20. M. og K. Grytting 50. John Fagerholt 30. A. Aarland 30. A. Svendsen 25. S. og K. Singstad 50. J. Tellefsen 25. Else Solem 50. Egil Singstad 50. A. O. 50 Dagrun og Liv Garberg 50. Berit Lykken 20. John Hollum 30. A. og J. Haugen 30. Svengård 30. M. Husby 20. Lovise Fossum 20. F. O. 100. Anne Togstad 30. Astrid Berge 20. Astrid Kvaale Langbach 50. Ingeborg Volden 30. Marta Tverdal 50. Ingebrikt Lillesand 20. B. og J. Mælen 50. H. og I. Strand 50. Mille Bakken 20. Alfred Christensen 30. I. Thorgaard 30. Gunvor Krokstad 50. K. Lomundal 30. Solveig Olsvik 20. Hans Evjen 30. O. og I. Monsen 30. Margit Fagerholt30. Freidar Monsen 30. Ingebjørg Haugen 50. Oddny Lilleås 30. Brit Hernes 50. Marit Asphaug 30. Olav Rostad 30. Margit Bach 20. L. Ø. Wormdahl 20. Ingrid Lillemyr 20. Peder Mælen 25. Sylva Bach 25. Morten Monseth 25. Anna Nærvik 30. Mary Karlsen 30. Olga Vuttudal 50. Judith Grande 20. O. Lorentzen 30. Konstanse Trønsdal 30. Klara Nærvik 30. Elfrida Solberg 20. Martha Olsen 20. Ingebjørg Stokk 30. K. Bakken 30. S. Storseth 25. Karen Dragseth 40. Martin Jensen 30. S. og J. Ofstad 30. O. og B. Spjøtvold 50. K. og R. Kjønsvik 25. Dagny Rian 25. Alf Dahlø 25. Kr. Leveraas 30. Liv Mjøen 50. J. Richter 50. Maren Rian 20. Anne Øyen 20. Magnhild Solbu 20. Anne Hoel 20. M. Kirkaune 20. Anna Tretøy 20. Astrid Moe 20. H. Fiskum 20. Johanna Vents...? 20. Bergliot Bævre 20. E. Martinsen 20. Ingeborg Soligård 30. I. og P. Asphjell 30. Berit Heen 30. E. og O. Heien 30. Randi Danielsen 30. Iver Rønning 30. Birger Sletvold 20. Berit Hegglund 20. Petra Togstad 20. A. S. Røhmesmo 20. Edel Lund 25. Bergljot Asbjørnslett 25. Odin Staveli 50. Elias Stenshaug 50. Trygve Øien 50. Ingeborg Asphaug 25. Dorthea Voll 25. Johan Bakken 25. Olga Skarholt 10. Gunhild Espnes 20. Sigrid Syvertsen 20. Nelly Brandli 20. M. Haugem 20. Margot Viklem 20. Rolf Nyberg 20. Dagfinn Klungervik 30. Ragna Sletvold 30. L. Bjørkhaug 50. Mali Ustad 100. E. og L. Rostad 25. Ragnar Karlsen 50. M. og A. Opøien 30. Jenny Sletvold 30. Ane Rian 30. Ingeborg Eftedal 50. J. Sommervold 20. Martha Lie 20. Bjørg Grøset 50. Alison Evjen 10. Hjørdis Elinor Eggen 20. Erling Skjenald 25. Marit Sæther 30. Gerd Olsvik 20. Karen Rikstad 30. Oddveig Sødahl 30. Elsa Rønnes 20.

7310 GJØLME:

M. Bjørndal 25. Nils Hansen 25. Anna Sletvold 20. F. og K. Snøsen 20. Erling Kjønli 30. Marta Andøl 25. Anna Bye 30. Ole Vattengård 50. Asbj. Hansen 50. Bjørn Hansen 50. Kristen Hukkelås 20. Andreas Meland 50. Emil Kjønli 15. Sofie Husby 25. Ingeborg Bakk 30. Karen S. Meland 25. Eivind Husby 50. Berit Johansen 30. Ole Elvbakken 50. John Johnson 20. Dorthea Andersen 25. Anna Aasen 30. Arnfinn Dørdal 30. Flaaskog 30. Gurine Reitan 30. Olga Andøl 30. Oline Selbekk 50. Magne Dørdal 30.

7320 FANNREM:

John Ødyn 30. Oddlaug Høston 20. Arne Fuglås 20. Sigrid Rønning 25. Marit Lium 30. Borghild Larsen 30. Karen Aunemo 30. Dagrun Øyasæter 25. Gunnvor Solem 50. Marit Kvaal 50. R. og D. Dahlø 40. Hallem 50. Kristian Volden 30. M. Advending 50. Idar Husdal 25. Eivind Volden 30. Odd Fossum 50. Elida Selnes 15. M. Ustad 25. Marit Solstad 25. Lars Søvasli 25. P. Kjelstad 25. Ingebrigt Bakken 25. Randi Hansen 50. I. Bysting 50. Mathilde Grut 50. Jon og Fredmund Skauge 50. Åsta Sæterbakk 50. Eli Fandrem 50. Harald By 50. Jostein Fagerholt 50. S. Kristoffersen 50. R. og I. Wolden 50. Albert Kjelstad 50. Eldbjørg Solhusmo 50. G. og J. Halsteinli 50. John Semundset 50. Marit Bjerkaker 50. A. Fossen 50. Svanhild Wahlmann 20. L. S. 20. Ingvald Grønna 20. Bjørg Oddli 20. Astrid Konstad 20. Helmer Sletvold 20. Bjørg Aune 20. Karen Anna Sørli 20. Jostein Vuttudal 30. Anders Kleiven 30. Ivar Hollum 30. Arne Dørdal 30. M. Lomundal 30. Ivar Solem 30. O. B. 30. Anne Ødegård 30. Anna Sognli 30. Marit Frengstad 30. Kristoffer Prestmo 30. Marit Samskott 30. H. Snøsen 30. Arne Ekli 30. Aslaug Brattbost 50. Olav Venn 50. Sigrun Melås 50. Eli Asbjørnslett 50. E. og B. Vinterdal 50. Anne Grete Gangås 25. J. Ustad 25. E. og J. Forvemo 20. Arne Lillery 20. Johan A. Johansen 20. Johan Gjønnes 100. Anna Evjensvold 10. Klara og Harald 30. Andreas Koksæter 30. Kåre Vik 30. Ola Samskott 30. Ingrid Rindal 20. Einar Gravdal 20. Signe Gjønnes 50. Maren Bratlie 50. Petter Rædergård 30. Arne Fossbakk 30. ArneKjøren 30. Andr. Ekli 25. Martin Ebbesen 20. Sverre Asbjørnslett 30. Oline Rønning 30. H. Øverby 30. Ola Rye 20. Berit Mellingsæter 20. Ingmar Fossum 20. Ivar S. Liøkel 20. Gunnar Pettersen 30. Anne Andøl 30. Torger Sandvik 30. Sonja Ustad 30. Johan Elvbakken 50. Hj. Eldevik 50. N. og I. Snøsen 50. Klara Sandstad 50. Jorhild Ljøkjel 50. Kolbjørn Sommervold 20. Solem, Fannremsøyan 50. Trond Rønning 30. Åsta Lefstad 50. Magne Staveli 50. Lars Aune 10. B. Svorkmo 25. M. og J. Hukkelås 50. Martin Hansen 30. Andreas Penna 30. Erna Kvåle 20. Jon N. Almli 50. Asbjørg Kårmo 30. Inga Kvaale 50. S. Winther 30. Johan Knudsen 25. Eline Gjøås 20. Maren Bakke 30. Berit Sletvold 20. Gunnar Melås 30. Asbj. Meås 30. Nelly Morken 50. Kåre Garberg 30. Jostein Slupphaug 25. Johanna Opøien 30. Magda Tuflåt 30. Jarle B. Sommervold 25. Knut Rønningsbakk 30. Beret Anna Aunemo 20. Aslaug Kroken 30. Eli K. Mehli 30. Marta Overvik 50. Andrea Øiamo 25. Elsa Slørdahl 25. Margit Solhusløkk 30. D. og D. Viggen 30. Marit Almli 50. K. og S. 50. Erling Almli 50. Hans Høston 30. Nils Søllberg 30. J. Kroksæter 50. J. Fannrem 50. Lina Grøseth 20. Jostein Melås 50. R. M. Garberg 50. A. Lorentsen 50. Ingeborg Grø 30. Ola Byamo 25. Iver Lefstad 30. Inger Fandrem 30. Anna Jakobsen 25. Marie K. Gjønnes 25. Olav Slupphaug 35. Berit Ekli 100. I. og M. Snildal 50. Olav Gjønnes 50. Tordis Tuflått 50. Eldbjørg Kråkenes 50. Turid Hukkelås 50. Marit Alver 50. Marie Sundli 50. Pauline Bjørkøyli 50. Ingeborg Løvås 50. Maren Garberg 50. Ingebr. Håpnes 20. Beret Grøseth 20. Agnes Sommervold 20. Ola Hagetrø 20. Arne Tronvold 20. Margit Sundli 20. Jenny Walderhaug 20. Valborg Ø. Kårmo 30. Astrid Solem 30. Arnt M. Gjønnes 30. Gunnlaug Bakk 30. Martin Koksæter 30. Ole K. Krokdal 30. Olav Skaugen 50. Magnhild Kroken 30. John J. Fagerli 30. A. og M. Vold 20. Johanna Snildal 20. Signe Blåsmo 20. Marie Sammervold 20. M. Karlsen 100. Brynjulv Kvakland 100. Johan Meås 40. Turid Hagen 30. O. og S. Alver 40. Arne Stokkan 50. Mary Heggset 50. Nils Kastås 50. Lars M. Solem 30. Iver Fossum 30. Lars Meås 40. Kari Andersen 50. Asbjørn Solem 50. Nils Boksbu 20. Ingeborg Sundli 20. Karen Skogen 20. Anne Rikstad 25. Reidun Bakken 30. Johan Kvakland 30. Magnhild Kurås 30. Arne Nilssen 30. Gunvor Eggen 30. Martha Garberg 30. Mildrid Nesheim 50. G. og A. E. Sundli 25. Per Solem, Øyum 30. Odd Thoresen 25. Berit Rensklev 50. P. Asbøll 25. Jon A. Sørli 30. Oline Hokolegg 15. Ingeborg Rye 30. Magne Metliås 30. Gjertine Solhus 20. J. Risli 20. Edv. Forvemo 30. Marie Digerås 40. J. Aunemo 40. Marit Sæterbakk 25. Mikael Simonsen 100. Gjertrud Ranen 60.

7330 SVORKMO:

